



Tokke kommune

TRYGT SKULEMILJØ

Plan for eit trygt og godt skulemiljø i Tokke

FORORD

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Tokkeskulen skal vere fri for alle former for krenkande åtferd, og skulemiljøet skal verke positivt på elevane si helse, trivsel, og læring. I tillegg skal skulane i Tokke gje elevane kompetanse i å meistre sitt eige liv, si eiga psykiske helse og korleis dei kan ta ansvarlege livsval. Dei skal òg lære å ta sosialt ansvar og vere ein god medborgar.

Dette dokumentet gjev føringar for korleis tokkeskulen skal arbeide for å skape eit trygt og godt skulemiljø (§ 9 A i opplæringslova), og handtere krenkingar og mobbing.

I tokkeskulen skal elevane møte årvakne vaksne som bryr seg.

Dei vaksne skal ha kompetanse i å:

- * **fremje eit trygt og godt skulemiljø**
- * **forebygge og handtere mobbing og andre krenkingar.**

Elevane i Tokke skal bli sett og verdsette av dei vaksne på skulen. Alle på skulen må bry seg og seie frå om dei har mistanke om eller merkar mobbing. Dei vaksne på skulen skal gripe inn når dei oppdagar krenkingar.

Alle elevar og føresette i tokkeskulen skal oppleve å bli tatt på alvor når dei kjem med ei bekymring.



Finn Arne Askje

Kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

(Opplæringslova § 9A – 2)

INNHALD

RETTAR OG VERDIGRUNNLAG	4
KVA ER KRENKANDE ORD OG HANDLIGAR?	6
EIT HEILSKAPLEG SYSTEMATISK ARBEID	9
Fremje eit trygt og godt skulemiljø	10
- God leiing, organisasjon og kultur for læring	10
- Positive relasjonar mellom elev og lærar	12
- Dei vaksne si evne til å leie klasser og grupper	12
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane	13
- Godt samarbeid mellom heim og skule	14
Førebygge mobbing og andre krenkingar	15
- Profesjonelle vaksne som kan oppdage mobbing	15
- Tokkeskulen sin plan for å følge med	16
- Rutinar for å fremje og førebygging	19
Handtere mobbing og andre krenkingar	22
- Aktivitetsplikt	22
- Avdekke	23
- Stoppe og handtere	28
- Rutinar for handtering av krenkingar og mobbing	33





RETTAR OG VERDIGRUNNLAG

Alle born og unge har rett til å ha eit skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar. Dette er eit mål i seg sjølv og viktig for barns leik, utvikling og sosiale tilhøyr.

FNs barnekonvensjon gjev born grunnleggjande menneskerettar. Barnekonvensjonen har fire sentrale prinsipp som skal vere førande for arbeid med born:

- **Borns rett til vern mot diskriminering (artikkel 2)**
- **Barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn (artikkel 3)**
- **Retten til liv og plikta til å sikre utvikling (artikkel 6)**
- **Borns rett til å bli høyrd (artikkel 12)**

I arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø er anerkjenning av born og unge sine opplevingar og medverknad eit grunnleggjande prinsipp. Born skal bli tatt på alvor av profesjonelle vaksne som tar ansvar for å følge opp saka når dei fortel om korleis dei har det.

Formålsparagrafen i opplæringslova forklarar verdigrunnlaget for skulen. Formålet med opplæringa er blant anna at elevane skal utvikle «kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet». Eit grunnleggjande utgangspunkt for alt arbeid i skulen er at elevane skal få realisere potensialet sitt, til det beste for seg sjølv og andre.

Overordna del av læreplanverket utdjuar verdigrunnlaget i formålsparagrafen til opplæringslova, og beskriv det grunnsynet som skal prege den pedagogiske praksisen i heile grunnopplæringa. I arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø vil det vere spesielt viktig å jobbe med;

- Menneskeverdet, der dei tilsette i skulen skal vise omsorg for og sjå den enkelte elev, anerkjenne mangfaldet og legge til rette for at alle skal oppleve å høyre til.
- Sosial læring og utvikling, der ein blant anna skal ha fokus på empati, kommunikasjon, samarbeid og sjølvhevdning.
- Folkehelse og livsmeistring, der ein skal ha fokus på å fremje god psykisk helse, korleis meistre eget liv, sjølvkjensle og å handtere tankar, kjensler og relasjonar.

- Eit inkluderande læringsmiljø der elevane blir oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling, der dei møter trygge og omsorgsfulle vaksne, der det er elevmedverknad og elevane møter respekt frå vaksne og medelevar.
- Undervisning og tilpassa opplæring skal bygge på innsikt i eleven sitt behov, varme relasjonar og profesjonell dømmekraft. Elevane skal oppleve motivasjon og læringsglede i undervisninga, og møte eit breitt repertoar av læringsaktivitetar og ressursar innanfor føreseielege rammer.
- Samarbeid mellom heim og skule, der samarbeidet er prega av god kommunikasjon til det beste for eleven.

Opplæringslova kapittel 9A gjev alle elevar ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Formålet med retten er at born og unge skal vere trygge på skulen, dei skal oppleve å høyre til og å vere ein viktig del av fellesskapet. Det er viktig å merke seg at skulemiljøet ikkje er avgrensa til forhold på skulen i skuletida, men gjeld også skulevegen, på turar og arrangement i skulens regi i og utanfor skuletida.

Tokke kommune skal vere eit samfunn der innbyggjarane er trygge og kjenner seg velkomne» «Barnehagar og skular skal jobbe aktivt med fellesskap og inkludering, og ha nulltoleranse mot mobbing.

KVA ER KRENKJANDE ORD OG HANDLINGAR?

Ingen elevar skal bli utsette for krenkjande ord eller handlingar på skulen eller på skulevegen. I tokkeskulen brukar me desse definisjonane på krenkjande ord og handlingar:

Krenkingar er ord eller handlingar som barn eller unge opplever som krenkjande for deira vørndnad og integritet, eller som gjer at dei kjenner seg ekskluderte frå eit fellesskap.

Krenkingar kan ha ulike former. Det kan vere alt frå enkeltstående ytringar eller handlingar til gjentatte episodar. Det omfattar blant anna mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Det kan også vere erting, plaging, negative kommentarar, knuffing, baksnakking, ryktespreiing, utfrysing

eller andre handlingar som gjer at born og unge opplever ubehag, at dei er utrygge eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapet. Både born, unge og vaksne kan krenkje.

Vald inneber at nokon brukar makt for å skade andre.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, for eksempel fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit annet språk.

Identitetsbaserte krenkingar/diskriminering betyr at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, legning, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.

Krenking er ord og handlingar som born eller unge opplever som krenkande for hans eller hennar verd og integritet, eller som gjer at dei kjenner seg ekskludert frå eit fellesskap.



Ulike typar krenkingar

Krenkingar kjem i ulike former og skjer på ulike stader. Dei kan vere fysiske, verbale eller indirekte, og mange blir utsett for fleire typar krenkingar samstundes, og frå ulike grupper. Fysiske krenkingar kan vere å dytte, slå eller sparke ein annan. Verbale krenkingar kan vere truslar eller kommentarar. Indirekte krenkingar inneber at den som krenkjer utfører ekskluderande handlingar mot ein annan utan å bli identifisert. Dei indirekte krenkingane kan ofte vere vanskeleg for vaksne å oppdage.

Digitale krenkingar

Krenkingar skjer også digitalt. Digitale krenkingar kan vere meir intense fordi dei ikkje er knytt til tid og stad, dei skjer på digitale arenaar som sosiale media og spel der vaksne ikkje har den same kontrollen, barnet/ungdommen ynskjer sjølv å vere på desse arenaane, informasjonen blir raskt spreidd og når ut til mange, og informasjonen kan vere vanskeleg å slette. Å bli utsett for digitale krenkingar kan gje like store konsekvensar som å bli utsett for krenkingar andlet til andlet.

Digitale krenkingar som skjer mellom elevar på skulen, eller som er relatert til skulen, er også skulens ansvar å handtere. Mange digitale krenkingar kan vere straffbare handlingar. Straffelova og åndsverklova gjeld også for digitale handlingar og digitale rom. I tillegg til å setje inn sanksjonar mot elevar i tråd med ordensreglementet, kan det vere behov for å melde digital mobbing til politiet, sjølv om dei som har mobba er under 15 år


Mobbing

Krenkingar blir mobbing når åtferda er gjenteke negativ eller vondsinna og kjem frå ein eller fleire personar retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg. Det kan dreie seg om utestenging, spreiding av løgner, truslar, negative kommentarar om utsjåande og fysiske krenkingar som slag, dytt og spark. Gjenteke erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing (Dan Olweus) (Udir – Elevundersøkinga).

Det er mobbing når:

- nokon blir utsett for negative hendingar frå ein eller fleire
- hendingane skjer over tid
- det er eit ujamnt styrkeforhold mellom den som plagar og den som blir plaga

Mobbing skil seg frå det vi ser som ein konflikt, og krev andre tiltak enn tradisjonell mekling fordi mobbing er eit alvorleg overgrep mellom to asymmetriske partar. Mobbing skal stoppast beinvegs (med ein gong).



Eleven si oppleving er det viktigaste

Uavhengig av definisjonar av mobbing og krenkingar er det eleven si subjektive oppleving av skulemiljøet som er grunnlaget for at skulen skal ta saka på alvor.

Skulen skal ha nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
(opplæringslova §9A- 3)

EIT HELSKAPLEG OG SYSTEMATISK ARBEID

Å oppretthalde og vidareutvikle trygge og gode skulemiljø krev eit heilskapleg, langsiktig og systematisk arbeid. Arbeidet er tredelt:

Arbeidet med å *fremje trygge og gode skulemiljø* er ein del av den ordinære pedagogiske praksisen på ein skule og er ofte universelle tiltak som kjem alle elevane til gode. *Førebygging av mobbing og andre krenkingar* er retta mot å minske risikoen for at mobbing og andre krenkingar skjer. *Handtering av mobbing og andre krenkingar* handlar om korleis skulen avdekkjer, stoppar og følgjer opp saker om mobbing og andre krenkingar.



FREMJE EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Eit trygt og godt miljø i klassa forebygger mobbing og krenkingar til ei viss grad (læringsmiljøsenteret). For å skape eit raust og støttande læringsmiljø er det avgjerande med eit heilskapleg, systematisk og kontinuerleg førebyggjande arbeid. Det er fleire faktorar som fremjar og opprettheld dette:

- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen
- Positive relasjonar mellom elev og lærar
- Dei vaksne si evne til å leie klasser og grupper
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom heim og skule



God leiing, organisasjon og kultur for læring

Skular som har ein felles strategi for korleis dei jobbar med skulemiljøet har størst sjanse for luccast. God leiing og ein kultur for læring har ein indirekte effekt på elevane sitt læringsmiljø og læring. Ei solid leiing og ein robust organisasjon er føresetnaden for at arbeidet med elevane sitt læringsmiljø kan vere kontinuerleg og systematisk, og for at ein kan ta i bruk forskingsbasera kunnskap,

Rektor har ansvaret for at arbeidet med elevane sitt skulemiljø skjer systematisk og kontinuerleg.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane [...]. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort

(Opplæringslova § 9A – 3)

Ordensreglement, plan for eit trygt og godt skulemiljø og årshjul.

Skulane sitt ordensreglement er retningslinjer for korleis skulemiljøet skal vere.

Skulane i Tokke brukar Zippy, Mitt val og MOT som verktøy for å skape eit trygt og godt skulemiljø. I tillegg skal skulane nytte denne planen og ha eit årshjul som synleggjer korleis skulane jobbar kontinuerleg og systematisk for at elevane skal ha det bra.



- Årshjulet skal ta utgangspunkt i retningslinjene i dette dokumentet.
- Skulen skal ha eigen tilsynsplan som viser kvar dei vaksne skal vere og kva dei skal gjere når dei har tilsyn. Rutinane skal sikre at personalet observerer, undersøker og grip inn når dei ser noko bekymringsfult og at dei har låg terskel for å melde vidare
- Dette dokumentet og tilsynsplanen skal vere kjend for alle tilsette i skulen, og aktivitetsplikta til dei tilsette skal komme tydeleg fram.
- Ved oppstart av kvart skuleår skal heile personalet gå gjennom planane. Planane skal og presenterast på foreldremøte, i elevråd og i SU/SMU.
- Ordensreglementet, denne planen og årshjulet skal ein gå gjennom kvart år. Dette skal tidfestast i årshjulet.



DET ER
ALLTID DEN
PROFESJONELLE
VAKSNE SOM HAR
ANSVARET FOR
RELASJONEN

Positive relasjonar mellom elev og lærar

For å skape eit trygt læringsmiljø som skapar helse trivsel og læring, er det viktig at relasjonen mellom dei vaksne og eleven er god. Fleire studiar viser at relasjonar mellom profesjonelle vaksne og elevar har ein klar beskyttande effekt mot mobbing.

Læraren sin måte å vere på set standarden for det sosiale mellom elevane. Dei vaksne skal vere gode rollemodellar, stille krav til elevane og ha positive forventningar til meistring. Det er svært viktig at dei vaksne prioriterer relasjonsarbeid.

Det er alltid den profesjonelle vaksne som har ansvar for relasjonen. Det betyr ikkje at han skal løyse alle utfordringar sjølv, men vere profesjonell nok til å be om hjelp på rett tid og stad om relasjonen vert dårleg.

Dei vaksne si evne til å leie klasser og grupper

Dei vaksne si evne til å leie klasser er ein like viktig berebjelke for læring og trivsel som relasjonar er. Ein proaktiv lærar som er tett på elevgruppa, har moglegheit til å fange opp dynamikken i gruppa før krenkingar og mobbing får etablera seg. På den andre sida kan manglande leiing i elevgruppa skape grobotn for usunne relasjonar og gje handlingsrom for negative uformelle leiarar.

Manglande leiing i ei elevgruppe kan
skape grobotn for usunne relasjonar
og gje handlingsrom for negative leiarar



«Den viktigste kampen mot mobbing foregår før mobbingen slår rot.»

Erlend Moen, 2014

Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane

Skape positiv skulekultur

Skulen skal arbeide kontinuerleg med å skape ein positiv skulekultur. I ein positiv skulekultur viser elevane omsorg for kvarandre og det vert kommunisert tydeleg at mobbing og krenkingar ikkje er lov. Tiltak for eit positivt skulemiljø gjeld både for skule og SFO.

Sosial og emosjonell kompetanse

Vener og å oppleve å høyre til er den viktigaste vekstfaktoren for læring og utvikling. Born og unge som har god sosial kompetanse ser ut til å ha eit vern mot negativt samspel i grupper med jamaldrande og uttrykker større uavhengigheit og sjølvstende. (Ogden, 1995, Jahnsen, Ertesvåg og Westheim, 2013)

Dei som signaliserer utrygghet, usikkerheit eller eit lågt sjølvbilete risikerer i større grad å bli mobba. Difor er det svært viktig at dei sårbare borna blir identifisert av dei profesjonelle vaksne som kan sjå etter teikn på om dei vert utnytta av andre i gruppa. Dei sårbare borna treng ofte meir støtte og rettleiing av trygge vaksne. I Tokke kommune nyttar me BTI-modellen, (Betre Tverrfagleg Innsats), i arbeidet med bekymringar rundt sårbare barn. <https://tokke.betreinnsats.no/om-bti/>

Elevane må vere med

Elevane må ha ei aktiv rolle i det førebyggjande arbeidet både klassevis, gjennom elevrådet og på SFO. Elevrådet må ha god kjennskap til skulen sine planar for eit trygt og godt skulemiljø, slik at dei kan delta i utforminga av tiltak for skulemiljøet. Eksempel på aktivitetar som elevane kan ha ansvaret for er å setje opp inkludering som eit fast tema for elevråd og klasseråd m.m.

Godt samarbeid mellom heim og skule

Når skule og heim samarbeider og formidlar dei same verdiar og dei same positive forventningane til elevane, har det ein positiv effekt på trivsel og læring. Foreldre har eit medansvar for å skape eit godt fellesskap mellom borna, men det formelle ansvaret for samarbeidet ligg hjå skulen. Foreldremøta er ein god arena for å skape samarbeid om eit godt skulemiljø. Skulen skal gje regelmessig informasjon om klassemiljøet, og formidle at terskelen for å ta kontakt skal vere låg.

FAU og SU/SMU skal orienterast om skulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø, få eigarskap til han og involverast i utforminga av tiltak for skulemiljøet.

Vaksne skapar vennskap

Dess betre og meir inkluderande vennskap det er i ei klasse, dess betre læringsmiljø blir det. Nokre elevar treng hjelp til å byggje vennskap. Her kan dei vaksne spele ei viktig rolle. Skulen kan oppfordre foreldre gjennom for eksempel FAU til å bidra til ulike aktivitetar for å skape gode relasjonar mellom elevar på skulen og i fritida.

FUG og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eigne idébankar med tips til kva foreldre kan bidra med i dette arbeidet.



SLIK KAN DU BIDRA

Som forelder er du den viktigaste ressursen for barnet ditt si læring og utvikling.

Du kan også vere ein viktig ressurs for andre born:

- ✓ Hels på alle du møter på skulen
- ✓ Snakk positivt om andre sine born og andre føresette
- ✓ Gjer ein innsats for å bli kjent med vaksne og born på skulen
- ✓ Følg opp det som blir bestemt
- ✓ Engasjer deg i å skape eit godt miljø
- ✓ Ver opptatt av at alle er med
- ✓ Skap rom for å heie på fleire born enn ditt eige

FØREBYGGE MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR

Førebyggjande arbeid mot mobbing og krenkingar handlar om å minske risikoen for at mobbing og krenkingar skal skje.



Profesjonelle vaksne som kan oppdage mobbing

Å etablere ei felles forståing av mobbing og krenking hjå dei profesjonelle vaksne på skulen, er vesentleg i det førebyggjande arbeidet. Dei vaksne må vite kva mobbing og krenking er, kva pliktene deira går ut på, kunne skulens rutinar, kunne følgje med på risikofaktorar i skulemiljøet, og i tillegg kjenne igjen teikn på mobbing, krenking og ekskludering. For å få til dette må dei vere til stades i elevane sin leik og samhandling. Alle vaksne må vite kva som skal gjerast for å førebygge og handtere mobbing og andre krenkingar.

Plikt til å følgje med

Krenkingar og mobbing kan vere vanskeleg å oppdage. Me kan heller ikkje basere oss på at elevane sjølv skal ta kontakt med vaksne for å fortelje om mobbing. Å ha gode rutinar for kartlegging gjennom klasse miljøundersøkingar, elevsamtaler og observasjonar, er difor ein sentral del av det førebyggjande arbeidet.

Det er svært viktig at skulane har proaktive vaksne som observerer og fangar opp negative åtferdsmønster og krenkingar før den negative åtferda får etablert seg. Vaksne som veit kva dei ser etter og som aktivt observerer, vil sjå meir mobbing enn andre.

Vaksne som ser, spør og bryr seg, har større sjans for å finne ut om noko er gale.

I Tokke kommune skal skulane følge med på elevane sitt skulemiljø etter denne planen:

FORM FOR KARTLEGGING	FØREMÅL	NÅR	ANSVAR FOR OPPFØLGING
Gode vakt og tilsynsrutinar med tydlege ansvarsbeskrivingar	For å sikre eit godt psykososialt miljø	Kvar dag	Rektor/alle tilsette
Drøfting på teamet/laget om elevar, trivsel og psykososiale tilhøve. Ta saker vidare etter BTI-modellen om det er naudsynt.	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp	Kvar veke	Kontaktlærer og team/lag-leiar
Elevane sitt sosiale miljø er tema på møter på SFO	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp	Kvar veke	SFO-leiar
Klassemiljøundersøking m sosiogram. Funna blir rapportert til rektor som avgjer vidare oppfølging	Kartlegge det sosiale samspelet og avdekke krenkingar	Haust og vår	Sosiallærer og kontaktlærer
Klassesamtaler /klasse møte om korleis vi skal vere mot kvarandre på skulen og på skulevegen	Involvere og ansvarleggjere elevane, styrke fellesskapet i ei klasse	Haust og vår	Kontaktlærer/ team/lag-leiar
Elevsamtalar minst to gonger i halvåret. Funna blir rapportert til rektor som avgjer vidare oppfølging	Styrke relasjon, vite korleis eleven har det på skulen, evt. avdekke.	Haust og vår	Kontaktlærer/ rektor
Utviklingsamtaler to gonger i året, der elevane svarar på spørsmål om trivsel, krenkingar og mobbing. Funna blir rapportert til rektor som avgjer vidare oppfølging	Styrke samarbeid mellom heim og skule. Evt. avdekke	Haust og vår	Kontaktlærer/ rektor
TPO-teamet drøfter elevar ein er bekymra for, både fagleg og sosialt	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp	Jamleg	TPO-leiar/ kontaktlærer
Elevundersøking for 5.-10. klasse. Resultata blir analyserte og drøfta i plangruppa, i personalet, i elevrådet og SMU/SU . Tiltak og endringsarbeid blir iverksett	Gjev elevane moglegheit til å seie kva dei meiner om læring og trivsel på skulen. Resultata blir bruka til å analysere og utvikle elevane sitt skule- og læringsmiljø.	Haust	Rektor/ kontaktlærer
Elevrådet har trivsel, mobbing og krenkingar som tema minst to gonger i året	Elevmedverknad, involvering og ansvarleggjering	Haust og vår	Elevrådslærer
Klassa sitt sosiale miljø er tema på klasseforeldremøte to gonger i året	Engasjere, involvere og ansvarleggjere føresette	Haust og vår	Kontaktlærer og team/lag-leiar

Skulevandring/rettleiing	Leiinga observerer undervisninga. Refleksjon over eigen praksis	Haust og/eller vår	Rektor
Kompetanseheving om tema knytt til elevane sitt skule- og læringsmiljø	Styrke kompetansen og få felles kunnskap og forståing om tema	Kvart år	Kommunalsjef/ rektor
Tokke kommune sitt avvikssystem blir bruka ved brot på loven	Finne årsaka til hendinga for så å kunne finne gode tiltak som verkar over tid	Ved avvik	Alle tilsette/ rektor

Barn sjølv må kjenne att mobbing

Ein viktig del av det førebyggjande arbeidet handlar om å bevisstgjere elevane slik at dei veit kva mobbing og andre krenkingar er. Dei skal vite at dei har rett på eit trygt og godt miljø og at dei har rett til å bli tatt på alvor når dei ikkje har det bra. Dette skal bidra til å gjere det trygt å seie i frå.

Elevane i Tokke skal få informasjon om kva mobbing og krenkingar kan gjere med born, og kva dei skal gjere når dei ser at nokon blir krenka eller mobba. Det er viktig å gjere elevane merksam på at dei kan få ulike roller som medløparar og tilskodarar, og samtidig gje dei kunnskap og mot til å vere ueinige og til å hjelpe andre.



Å førebyggje digital mobbing



Å førebyggje digitalmobbing

Ved førebygging av digital mobbing og krenkingar er det spesielt viktig å utvikle dømmekrafta til elevane. Dei må få kunnskap om eige og andre sitt personvern, korleis teknologi og tenester fungerer, korleis dei kan brukast og kva for konsekvensar dei kan få. Elevane må bli bevisst korleis dei er til stades på nettet og få kunnskap om kva dei kan gjere for å stoppe digital mobbing.

Skulane må gje foreldre god innsikt i kva elevane får av kunnskap og ferdigheiter når det gjeld digital dømmekraft slik at dei kan ha den gode samtala med borna sine om korleis kommunisere på nett.

Det skal vere synleg i skulane sine planar og årshjul korleis dei jobbar med å la born og unge kjenne igjen mobbing og andre krenkingar.

Rutinar for å fremje eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing og andre krenkingar

TILTAK	FØREMÅL	TID	ANSVAR
Skulane har ein plan med tydelege mål og eit årshjul for arbeidet med skulemiljøet	Sikre at skulane har system for heilskapleg og systematisk arbeid med skulemiljøet		Rektor
Opplæring og informasjon til alle tilsette om: * skulen sitt ordensreglement * Tokke kommune sin plan for eit trygt skulemiljø	Sikre felles forståing og felles praksis. Lik og konsekvent praksis gjev tryggleik	Plan- leggings- dag før skulestart	Rektor
Skulen sine tilsette drøftar skulen sitt syn på: * Kva er eit godt skulemiljø? * Når er terskelen for å gripe inn? * Når skal skuleleiinga varslast?	Sikre felles forståing og felles praksis	Ved oppstart av nytt skuleår	Rektor
Nye føresette gjerast kjend med ordensreglementet, foldaren «Trygg i Tokkeskulen» og kvar dei kan finne dei.	§ 9a-6.Informasjonsplikt og uttalerett Sikre lik forståing og kunnskap om korleis få hjelp	Ved oppstart	Rektor/ inspektør
Alle føresette blir gjort kjende med ordensreglementet, og Tokke kommune sin plan «Trygg i Tokkeskulen» på kommunens nettside. SU/SMU drøftar desse kvart år	§ 9a-6.Informasjonsplikt og uttalerett Sikre lik forståing og kunnskap om korleis få hjelp	Ved oppstart av nytt skuleår	Rektor
Alle elevar blir gjort kjende med skulen sitt ordensreglement og blir godt kjende med innhaldet i foldaren «Trygg i Tokkeskulen» Elevane skal vite kva som kjenneteiknar krenkande åtfærd, og korleis dei kan melde frå om mobbing	Sikre lik forståing og kunnskap om korleis få hjelp	Ved oppstart av nytt skuleår	Kontaktlærer
Klassene lagar klasseregjar som blir hengt opp i klasserommet	Involvere og ansvarleggjere elevane. Bevisstgjere elevane på eit felles ansvar for trivsel og tryggleik	Ved skulestart	Kontaktlærer

Bruk av ulike verktøy, som: <i>Zippy</i> (1. til 4. klasse) <i>Mitt val</i> (1. til 10. klasse) <i>MOT</i> (8.-10.klasse)	Bruke pedagogiske hjelpemiddel i arbeidet med å bevisstgjere elevane Mål å utvikle sosial kompetanse, sosiale haldningar og ferdigheiter.	Jamleg	Kontaktlærer/ mot- coach/ faglærer
Aktiv Skole 365. Organisert fysisk aktivitet og bruk av aktivitetsleiarar	Få med alle, ansvarleggjere elevar. Leggje til rette for inkluderande aktivitet i friminutta	Jamleg	Aktivitetsleiar -lærer
Felles standard for klasseleiing Læringssirkelen. Faste morgonrutinar med helsing på kvar elev	Tydeleg struktur som stiller krav til elevane si faglege og sosiale læring skaper betre fagleg og sosialt læringsmiljø. Styrke fellesskapet	Kontinuerleg	Alle lærarar/ rektor
Lærer skal vere til stades i klasserommet/kantina medan elevane et. Høgtlesing eller samtale	Danning gjennom gode måltidsrutinar. Trivsel og samhold gjennom felles opplevingar	Kontinuerleg	Alle lærarar/ rektor
Uteskule/ naturen som læringsarena	Samhandling og samarbeid. Fysisk aktivitet, meistring og fellesskap	Jamleg	Alle tilsette/ rektor
Plan for overgangar barnehage-barneskule-ungdomsskule-vidaregåande. Ulike aktivitetar og besøk	Sikre gode overgangar, skape tryggleik. Sikre at barn med spesielle behov blir fylgt opp		Styrrar/ Rektor
Plan for fadderordning for 1.klassingar og nye elevar	Skape tryggleik i overgangen. Ansvarleggjere eldre elevar		Rektor/ kontaktlærer
Plan for ekskursjonar og andre trivselstiltak i og på tvers av klasser	Styrke fellesskapet både i og på tvers av klasser. Auka trivsel. Inkludering		Rektor
Plan for aktivitetar på tvers av skulane	Styrke sosiale band og fellesskapskjensle i kommunen		Kommunalsjef/ rektor
Oppfordre til foreldrestyrte aktivitetar minst to gonger i året	Styrke fellesskapet. Involvere foreldra		Foreldrekontakt/ kontaktlærer
Tiltak og aktivitetar knytt til elevane sitt skulemiljø blir drøfta i elevrådet	Sikre elevmedverknad og ansvarleggjering av elevane	Fleire gonger i semesteret	Elevrådslærer
Elevundersøkinga blir gått igjennom i personalet, i Elevrådet, i FAU og i SU/SMU	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og følgjer opp	Kva vinter/vår	Rektor

Kontaktlærer rapporterer frå funn frå utviklingssamtalene. Alle involverte partar drøftar tiltak for oppfølging og evaluering	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp	Haust og vår	Kontaktlærer/ rektor
Evaluering av skulens planar i personalet; plan for å fremje eit trygt og godt skulemiljø, tilsynsplan, elevsamtaler og undersøkingar, førebyggjande arbeid mot mobbing og handtering av mobbing.	Forbetre skulens rutinar	Haust eller vår	Rektor
Evaluere skulens arbeid med skulemiljø i elevrådet, FAU og SU/SMU	§ 9a-6.Informasjonsplikt og uttalerett	Haust og vår	Rektor
Internkontroll		Kontinu- erleg	Rektor



HANDTERE MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR



Aktivitetsplikt

Alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt for å hindre krenkingar og mobbing.

Plikt til å undersøke, varsle og gripe inn

Skulen har ei aktivitetsplikt

Aktivitetsplikta gjeld for alle tilsette og gjeld dersom ein vaksen på skulen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra.

Den tilsette skal:

- ta mistanken på alvor
- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, og snarast mogleg undersøke saka
- varsle leiinga skriftleg på skjema

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

(opplæringslova § 9A – 4)

Avdekke

Plikt til å undersøke saka

Det skal vere ein svært låg terskel for å undersøke ein mistanke om krenking og mobbing. Ofte kan mistanken ha bygd seg opp over tid som ei kjensle av at noko er gale, eller som eit resultat av ei rekkje større og mindre hendingar som til saman dannar eit mønster.

Born og unge kan vegre seg frå å seie sanninga og kan bagatellisere eller avdramatisere omfanget av ulike grunnar. Difor skal den vaksne alltid undersøke saka sjølv.

Plikt til å varsle leiinga

Alle tilsette på skulen skal melde skriftleg i frå til rektor dersom dei mistenkjer at nokon elevar opplever krenkjande ord og/eller handlingar. Sjølv om det kan løysast innanfor klassa, skal det meldast i frå til rektor.

Alle som arbeider på skulen,
Skal varsle rektor dersom dei
får mistanke om eller kjenn-
skap til at ein elev ikkje har eit
trygt og godt skulemiljø [...]
Ved mistanke om eller kjenn-
skap til at ein elev ikkje har eit
trygt og godt skulemiljø, skal
skulen snarast mogleg under-
søke saka.

(Opplæringslova § 9A – 4)

Meldingar frå elevar og foreldre skal takast på alvor

Retten til eit trygt og godt skulemiljø er ein individuell rett som er basert på eleven si subjektive oppleving. Melder elevar eller foreldre om at nokon blir plaga, tek skulen dette på alvor. Er skulen i tvil om foreldre ber om tiltak, skal dei spørje direkte. Skulen skal handtere varsel frå foreldre på ein profesjonell måte, fyrst og fremst gjennom ein anerkjennande, open og likeverdig kommunikasjon. Skulen og heimen må bli einige om kva som er ein god oppfølgingsfrekvens.

I avdekkingsarbeidet skal skulen sikre at elevane si subjektive oppleving skal kome fram og at tiltaka blir sette i gong så raskt som mogleg. Det er viktig at eleven og foreldra får ei skriftleg melding om at avdekkingsarbeidet er sett i gong og at dei blir haldne orienterte om kva som vil skje framover. Det er og viktig at heile prosessen blir dokumentert undervegs, i tråd med forvaltningslova sine føringar.



Rektor skal ta varsla på største alvor og har plikt til å undersøke det som har skjedd.



Verktøy for systematisk avdekking

For å kunne oppdage krenkingar og mobbing, må skulen jobbe systematisk for å kartlegge og avdekke kva som egentleg skjer mellom elevane. Skulen skal ha eit profesjonelt og bevisst forhold til avdekking. Avdekkingsarbeidet kan gjerast på fleire måtar:

- Gjennom klassemiljøundersøkingar
- Gjennom elevsamtaler
- Gjennom systematisk observasjon

Kva for verktøy og graden av systematikk som er naudsynt, vil variere frå sak til sak, men avdekkingsarbeidet skal gjerast snarast mogleg. Mistanke om mobbing vil krevje fleire og meir grundige undersøkingar enn ei krenking. Ved mistanke om mobbing kan det vere hensiktsmessig å bruke ei sjekkliste.

Klassemiljøundersøkingar

I ei klasseundersøking kan vi få vite korleis samspelet i klassa er elevane imellom. Spørsmål som kan eigne seg kan vere:

- Kven i klassa vil du helst vere saman med i friminuttet?
- Kven i klassa hjelper andre elevar?
- Kven i klassa vil du helst samarbeide med når det gjeld det faglege?

Svara i undersøkinga kan organiserast i eit sosiogram, som er ei visuell framstilling av dei sosiale relasjonane i gruppa. Desse kan hjelpe ein til å sjå andre samanhengar enn dei mest tydelege, og gje råd om kvar ein skal byrje for å finne positiv og negativ samhandling i elevgruppa.

Verktøyet Innblikk kan eigne seg godt i dette arbeidet.



Elevsamtaler

Elevsamtaler med formål om å avdekke krenkingar og mobbing, treng ikkje vere like omfattande som ei ordinær elevsamtale. Samtala gjev læraren moglegheit til å få utdjupande informasjon om elevens trivsel og andre krenkjande forhold, samtidig som læraren får vist interesse for eleven og får formidla at det er viktig at eleven har det bra på skulen. Spørsmål frå Innblikk kan brukast i ei slik elevsamtale.

Systematiske observasjonar

Mens klassemiljøundersøkingar og elevsamtaler kan gje indikasjonar på kva som bør undersøkast nærare, er systematisk observasjon den delen av avdekkinga som til slutt kan gje svar på kva som eigentleg skjer.

Systematisk observasjon handlar om planmessig å observere kva som føregår i elevgruppa. Ein må få tak i og skrive ned:

- korleis elevane snakkar til kvarandre
- kva for signal dei gjev kvarandre
- korleis dei samhandlar med kvarandre på godt og vondt

Gjennom observasjonar kan ein fange opp mønster i samhandlinga som ein elles ikkje ser så godt (Falk, 2010).

Skular som har høg kompetanse på observasjon, og som systematisk trenar på observasjon, oppdagar mobbing og krenkingar tidlegare enn andre.

Data som grunnlag for refleksjon

Dei vaksne som har vore involverte i avdekkingsarbeidet må saman reflektere og stille spørsmål rundt den innsamla informasjonen, for så å avgjere vegen vidare. I Tokke kommune tar vi utgangspunkt i Thomas Nordahls analysemodell i dette arbeidet. Vi ser blant anna på kva for faktorar som framleis er gjeldande og gjer at mobbinga held fram.

Plikt til å gripe inn

Alle vaksne skal gripe inn med ein gong dei ser noko negative hendingar, men i enkelte tilfelle kan det vere hensiktsmessig å bruke tid på å finne systemet i relasjonen elevane imellom før ein set inn tiltak. I mange tilfelle er det viktigare at mobbinga stoppar heilt. Er det fare for liv og helse skal ein sette inn akutte tiltak og heller avdekke i etterkant.

Når vaksne krenker

Om skulen får melding om at ein tilsett krenkjer eller mobbar enkeltelevar eller grupper av elevar, har rektor plikt til å undersøke saka. Om undersøkingane viser at krenking eller mobbing skjer, skal rektor syte for at åtferda stoppar med ein gong, og at saka blir handsama som ei personalsak. Rektor skal varsle kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett. Det skal samtidig meldast inn i kommunen sitt avvikssystem.

ANALYSEMODELLEN

Thomas Nordahl



Stoppe og handtere

I arbeidet med å stoppe krenkingar og mobbing skal skulen sikre ei sakshandsaming og oppfølging som er i tråd med opplæringslova og forvaltningslova med forskrifter.

Plikt til å setje inn tiltak

Opplæringslova gjev elevane rett til eit trygt og godt skulemiljø, samt til å sørge for eit godt skulemiljø dersom retten ikkje er oppfylt. Saker knytt til skulemiljø skal handterast raskt og prioriterast høgt av rektor. Når saka er undersøkt og ein finn at eleven ikkje har det trygt og godt, skal skulen lage ein aktivitetsplan for arbeidet vidare.



Planen skal vise:

- Kva for problem saka skal løyse
- Kva for tiltak skulen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

(Opplæringslova § 9A-4)

Tiltaka skal vere til barnets beste

Tiltaka som blir sette inn skal vere til barnets beste. Tiltaka skal setjast inn både for den/dei som krenkjer og den som blir krenkja.

Tiltaka som setjast inn for eleven som blir krenkja, skal utarbeidast i samråd med eleven og eleven sine foreldre. I aktivitetsplanen skal det kome tydeleg fram at barnet har blitt høyrd og at det barnet seier har blitt vekta. Skulen skal uavhengig vurdere kva for tiltak som kan sikre at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt.

Skulen skal saman med eleven og foreldra avgjere kor lenge tiltaka skal prøvast ut og setje ein dato for evaluering. For å oppfylle dokumentasjonsplikta (§ 9 A-4), må skulen dokumentere det som blir gjort.

Utforming av tiltak

Å stoppe krenkingar og mobbing i skulen er ein inngripande prosess, som krev at det blir sett inn fleire tiltak parallelt, på ulike nivå. Tiltaka skal setjast inn raskt og stå i forhold til graden av alvor i handlingane.

Tiltaka kan utformast på ulike nivå. Svært ofte vil det bli sett i verk tiltak både ovanfor dei sentrale aktørane og heile elevgruppa samtidig.



Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

(Opplæringslova § 9A-4)

Tiltak på individnivå er tiltak knytt til det enkelte barnet sitt behov i den situasjonen det er i. Individuelle tiltak kan vere daglege/jamlege samtaler, observasjonar, vaksen tett på eller auka kontakt med heimen.

Tiltak på gruppenivå kan vere at elevgruppa har eit særskilt fokus i ein periode, plassering i klasserommet, etablere leikegrupper, å skape arenaer for hyggelege opplevingar i små grupper, trening av sosial kompetanse, tilsyn av vaksne i overgangssituasjonar eller tydlege strukturar i klasserommet.

Tiltak på systemnivå kan vere etablering av nye reglar, omorganisering av skuledagen, auka vaksentettleik, auka tilsyn eller haldningsarbeid.



Mobbing krev intensive tiltak

Spørsmål om der er mobbing som skjer må alltid underbyggjast av fakta. Mobbing krev ofte meir intensive tiltak enn ei enkelt krenking. Å få slutt på mobbing handlar om ein snuoperasjon der skulen skal ta tilbake makta frå elevane som står bak mobbinga. Ein slik snuoperasjon vi ofte bere preg av fleire store endringar og må planleggjast godt. God førebuing aukar sjansen for å lukkast.

Rektor utnemner eit ansvarleg tiltaksteam

Når det skal setjast inn tiltak mot mobbing, skal rektor utnemne eit team på skulen som skal vere ansvarleg for arbeidet med saka. Tiltaksteamet skal vera sett saman av lærarar, tilsette på SFO (om eleven er i denne alderen) og ein frå skuleleiinga. Leiaren for dette teamet treng ikkje vere rektor, men rektor har det overordna ansvaret.

Tiltaksteamet utarbeider eit mål for arbeidet

Det fyrste tiltaksteamet skal gjere er å utarbeide eit mål, eller sluttbilete, som viser kvar ein vil og korleis det skal vere då. Målet er at det ikkje skal skje ei einaste ny krenking av offeret og at offeret får ein trygg og god skulekvardag.

Tiltak ovanfor den som mobbar

Gjennomføre stopp-samtaler

Sjølve snuoperasjonen startar med å gjennomføre ei stopp-samtale med den/dei som mobbar i ei bevisst rekkjefølge og utan at dei får samkøyrte seg. Samtala skal gjennomførast på ein tydeleg og respektfull måte. Formålet med samtala er å formidle at åtferda må stoppe, ikkje at dei skal føle skyld og skam. I dei aller fleste tilfella opplever dei som mobbar, gjennom den krenkjande åtferda, at dei får/held ved lag ein viktig plass i fellesskapet. Når mobbinga stoppar blir denne og alle midla som har gjeve dei oppleving av å lukkast, tatt frå elven som mobbar. Denne opplevde sosiale meistringa må erstattast med tett oppfølging.

Den som mobbar skal følgast opp

Det kan vere vanskeleg for den som mobbar å endre åtferd åleine. Til dette arbeidet treng han/ho hjelp og støtte frå andre, fyrst og fremst i form av positiv merksemd. Skulen må ha gode rutinar for korleis hjelpe han /henne. Alle forsøk på å dominere andre, ved for eksempel blikk, eller kommentarar, skal stoppast med ein gong. Det må vere tydeleg kva for konsekvensar og sanksjonar negativ åtferd skal få. Dette må gjerast kjent for den/dei som mobbar og foreldra deira, og dokumenterast i referat frå møte med dei involverte.

Det er viktig å vere klar over at svært mange barn og unge som mobbar har opplevd mobbing sjølv. Dei vaksne rundt den som mobbar må prøve å forstå kva som ligg bak mobbehandlingane, og gje emosjonell støtte i arbeidet med å endre åtferd.

Tiltak ovanfor den som blir mobba

Den som blir utsett for mobbing skal følgast opp

Det er viktig at den som har blitt utsett for mobbing blir orientert om kva for tiltak som blir sett i verk kring han/henne og blir halde kontinuerleg orientert om saka. Like viktig er det at dei vaksne på skulen har tett oppfølging av eleven om korleis han/ho opplever situasjonen. Tiltaka som blir sette inn vil avhenge av kor lenge barnet har blitt mobba. Ver merksam på at både mobbing og krenkingar kan utløyse traume og at det kan skje retraumatisering (*Tharalsen, K. B.,2017*).

Når skulen ikkje ser krenkingar eller mobbing, men eleven framleis ikkje har det bra

I nokre tilfelle vil det vere slik at skulen ikkje kan sjå at det skjer krenkingar eller mobbing, men at eleven likevel opplever at han/ho ikkje har det bra. I slike situasjonar har eleven framleis krav på at det blir sett inn tiltak retta mot eleven, eller generelle tiltak for å betre klasse- eller skulemiljøet.

Når foreldre ikkje vil ha tiltak

I nokre tilfelle kan det hende at foreldre eller eleven seier at skulen ikkje skal gjere noko. Aktivitetsplikta gjev skulen ei plikt til å handle når dei har fått kjennskap til at ein elev ikkje har det bra, også når foreldre eller eleven sjølv ikkje vil at skulen skal gjere noko.

Svært mange born og unge som mobbar har opplevd mobbing sjølv

Konsekvensar

Om tiltaka skal ha effekt, er det viktig at konsekvensane for negativ åtferd er tydelege og har trinn for ulik alvorsgrad. Konsekvensane må vere kjende for dei elevane det gjeld og for foreldra deira. Konsekvensane skal vere heimla i skulen sitt ordensreglement og tilpassast situasjonen og eleven.

Skulen må dokumentere bruk av konsekvensar. Dersom konsekvensane er inngripande, skal det fattast enkeltvedtak. Bortvising skal berre skje om andre tiltak er prøvd. Ved skulebyte skal inngripande tiltak ha vore prøvd, og foreldre, eleven og skulen skal ha evaluert tiltaka og saman sett at dei ikkje har verknad. Det er skuleeigar som fattar enkeltvedtak om skulebytte. Kollektive konsekvensar er ikkje tillat.

Følje opp

Elevar som har blitt utsett, eller som sjølv har utsett andre for mobbing, skal bli følgt opp av skulen heilt til den krenkjande åtferda har stoppa. Om tiltaka som blir sette i verk ikkje gjer situasjonen betre innan fristen for evalueringa, skal skulen utforme nye tiltak i tiltaksplanen. Det er avgjerande at eleven får tru på at tiltaka som blir sette i gong vil betre situasjonen og at dei vaksne har evne og vilje til å gjere situasjonen betre.

Saka skal avslutte når det er trygt for den som har blitt utsett for mobbing, og det er ikkje opp til skulen å avgjere når åtferda ikkje skjer meir. Ein hovudregel er at dess meir omfattande mobbinga har vore, dess lengre tid tar oppfølginga. Både den som har mobba og den som har blitt utsett for mobbing skal følgast opp tett.

Om den krenkjande åtferda ikkje stoppar, skal andre eksterne partar inn i saka, for eksempel PP-tenesta, BUP, barneverns-tenesta, politiet eller konfliktrådet.

Klagerett

Dersom foreldre ikkje er nøgd med skulen si handtering av saka, kan ho meldast til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren gjer ei vurdering av praksisen til skulen, og fattar eit enkeltvedtak basert på undersøkingar. Om eleven/foreldra ikkje er einige med Statsforvaltaren sitt enkeltvedtak, kan dette klagast på. Den som klagar skal sende klaga til Statsforvaltaren, som vurderer saka på nytt. Viss Statsforvaltaren ikkje endrar enkeltvedtaket slik klagaren ynskjer, sender Statsforvaltaren klaga vidare til Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet skal vurdere om skulen og Statsforvaltaren har gjort det dei skal, og kan vedta kva skulen skal gjere vidare for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Rutinar for handtering av krenkingar og mobbing

FASE	OPPGÅVE	ANSVAR	DOKUMENTASJON	TID
Bekymring	Bekymring/melding knytt til ein elev sitt skulemiljø	Rektor/ kontaktlærer	Referat	Ved kjennskap/ mistanke
Undersøking	Rektor undersøker saka	Rektor/ kontaktlærer		Med ein gong
	Samtaler med eleven som blir krenka/mobba Målet med samtala er å gje støtte og å få informasjon. Du skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram (jf. Barnekonvensjonen). Understrek at det er ditt ansvar at barnet ikkje har det bra og at du ikkje vil gje deg før saka er løyst. Gjer avtale om oppfølging.	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat	Med ein gong
	Samtaler med føresette til elev som blir krenka/mobba (same dag som eleven) Gje informasjon om at skulen iverksett undersøkingar og observasjon knytt til eleven sitt skulemiljø og at de vil samarbeide om tiltak. Send ut «Melding om mottatt bekymring for skulemiljøet». Gjer avtale om oppfølging.	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat, melding om mottatt bekymring	Med ein gong
	Samtaler med eleven(ane) som krenker/mobbar Målet med samtala er å formidle at åtferda skal stoppe med ein gong og å høyre versjonen til den som krenker. Er det fleire som krenker, snakk med dei i rask rekkjefølge (ein om gongen), slik at dei ikkje har moglegheit til å snakke saman. Gjer avtale om oppfølging	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat	Snarast mogleg
	Samtale med føresette til eleven(ane) som krenkjer/mobbar (same dag som eleven) Gje informasjon om at skulen iverksett undersøkingar og observasjon knytt til elevens skulemiljø og at de vil samarbeide om tiltak. Gjer avtale om oppfølging.	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat	Snarast mogleg

	Undersøkingane held fram	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Spørje-undersøkingar/ observasjonar/ elevsamtaler	Snarast mogleg
Utforming av tiltak	Rektor vel eit team for saka (tiltaksteam) Tiltaksteamet vurderer behov for vidare avdekking. Startar med å utarbeide aktivitetsplanen	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat og utkast til Aktivitetsplan	Snarast
	Møte med elev og føresette I møtet skal eleven og føresette medverke om tiltaka som skal setjast i verk.	Rektor/ kontaktlærer/ sosiallærer	Referat	Snarast
Iverksette tiltak	Iverksette tiltak	Tiltaksteamet	Fulle ut aktivitetsplanen løypande	Snarast
	Jamlege oppfølgingssamtalar med involverte elevar			Snarast
Evaluerer tiltak	Møte med føresette I møtet skal aktivitetsplanen evaluerast. Avtale vidare oppfølging.	Tiltaksteamet og rektor	Referat	Ved behov – seinast etter seks veker
Følgje opp	Oppfølging etter den negative åtferda har stoppa	Rektor	Referat	

Det er mange nyttige malar og verktoy på sidene til BTI som kan brukast i arbeidet med å fremje eit trygt og godt skulemiljø på skulane i Tokke kommune

<https://tokke.betreinnsats.no/verktoy/>

Ressursbank til Trygt Skulemiljø er eit hefte med nyttige oppskrifter og malar som kan nyttast i arbeidet med trygt skulemiljø i tokkeskulen.

KJELDER

Flack, T. (2010): Innblikk. Et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing. Stavanger: Læringsmiljøsentret.

FUG: <http://www.fug.no>

Jahnsen, H., Ertesvåg, S. og Westrheim, K. T. (2013): Utvikling av sosial kompetanse. Veileder for skolen. Utdanningsdirektoratet.

Moen, E. (2014): Slik stopper vi mobbing. Oslo: Universitetsforlaget.

Nordahl, T. (2012): Dette vet vi om pedagogisk analyse. Beskrivelse av en pedagogisk analysemodell til bruk i grunnskolen. Oslo Gyldendal.

Ogden, T. (1995): Kompetanse i kontekst: En studie av risiko og kompetanse hos 10- og 13- åringene. Rapport 3. Oslo: Barnevernets Utviklingssenter.

Roland, E. (2015): Spekter. En ikke-anonym spørreundersøkelse. Læringsmiljøsentret. Universitetet i Stavanger.

Tharaldsen, K. B., Slåtten, H., Hancock, C. H. H., Bru, E. & Breivik, K. (2017): Å ivareta barn og unge som har blitt utsatt for mobbing. Erfaringsbasert kunnskap om utforming og organisering av tiltak. Stavanger: Læringsmiljøsentret.

UDIR: <https://www.udir.no>

Me erklærer at eventuelle brot på opphavsrett ikkje er tilsikta.



**TOKKE
KOMMUNE
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT
3880 Dalen**

www.tokke.kommune.no